




KVA SKAL EG GJERE DERSOM RESERVASJONANE MINE IKKJE STOPPAR UØNSKT REKLAME?

.....
...da klagar eg til Forbrukarombodet!

Kontaktinformasjon til Forbrukarombodet er:

- www.forbrukerombudet.no/klage
- e-post: post@forbrukerombudet.no
- tlf: 23 40 06 00
- postadresse: Pb 4597 Nydalen, 0404 Oslo

Meir informasjon om kva du kan gjere for å unngå uønskt reklame finn du på følgjande nettstader:

www.forbrukerombudet.no
www.brreg.no/reservasjon (Brønnøysundregistrene)
www.regjeringen.no/bld/neitakk

NO ER DET ENKLARE Å UNNGÅ UØNSKT REKLAME



- ✓ Du kan reservere deg mot gratis aviser
- ✓ Det blir enklare for deg å unngå uønskt telefonsal
- ✓ Du kan framleis reservere deg mot uadressert reklame



UNNGÅ UØNSKT TELEFONSAL OG ADRESSERT REKLAME



Om du ønskjer å reservere deg i Reservasjonsregisteret, kan du gjere det på følgjande måte:

Gå inn på www.brreg.no/reservasjon ellerlogg inn via www.minside.no.

Ring til Brønnøysundregistra på tlf. 75 00 75 00 eller 75 00 75 03 (datafon).

Nye reglar i marknadsføringslova gjer det enklare for deg å unngå uønskt telefonsal. Desse reglane gjeld også for adressert reklame. Reservasjonsregisteret i Brønnøysund registrerer no både telefonnummer og fleire adresser. Endringane gjer det lettare for dei som driv med marknadsføring å sjå at det er akkurat du som ikkje ønskjer telefonsal eller adressert reklame.


OBS:

Om du ønskjer å utvide reservasjonen din til å omfatte fleire telefonnummer og adresser, må du logge deg inn på www.minside.no.

OBS:

Det er ikkje mogeleg å reservere seg mot marknadsundersøkingar.

RESERVASJON MOT GRATIS AVISER OG UADRESSERT REKLAME



Om du ikkje ønskjer å få gratis aviser i postkassa og/eller på dørmatta, kan du enkelt reservere deg mot dette. Dette er ei separat ordning som kjem i tillegg til den etablerte retten til å reservere seg mot uadressert reklame. Om du ønskjer å unngå både gratis aviser og uadressert reklame, må du setje opp to klistremerke: eit mot uadressert reklame og eit mot gratis aviser.

Slik gjer du:

Du kan lage dine egne merke. Det må da kome klart fram at du ikkje ønskjer gratis aviser/uadressert reklame og merka må vere godt synlege for dei som deler ut aviser og reklame.

Eller du kan bruke desse merka:

Til postkasse:



Til dør:



OBS: Reservasjonsordningane gjeld ikkje for innstikk i aviser eller for offentlig informasjon.